

Karin Bjørsvik Dahlstrøm

**Eg skreiv eit haustdikt/så har eg knytta det saman med en refleksjon over den tida vi har vore inne i, og den framtida Gud har lagt open for oss.*

***det finst ei kvild**

**mildt haustmørker
stryk mot kinn
sørvendte tre
nye teikn etter
stormen som var
i natt..**

**eg hørde kovet
fann kvile
i draumen
medan vindfokket
greip tak
i husnovene
som om dei ville
senda oss alle
mot sør..**

**det finst ei kvild
nokon stad
vinden tek fri i kveld..**

**stilt går eg gjennom grenda
eg kjenner ei kjensle av
takksemd..**

***Det er haust**

Naturen har lagt seg i dvale

Inntil noko nytt vil spire fram

Det er Misjonstid med NY GIV!

Sjå markene er kvite til hausten, seier Herren

Vi såg føre oss ei Usikker framtid

Freistingane sto i kø

Skal vi avslutta engasjement og la andre ta over?

Vi kan svare:

Vi er sette her av Han som seier

Lat ikkje hjarta uroast

Tru på Gud og tru på meg

Kva for ein Gud er det vi trur på?

Han er heilag, sann og sterk

Han har tillit til sitt folk

Han leiar dei på rettferds stigar

Han har kalla sitt folk

Her er vi sett

Er tilliten til Herren svekka,

når vi ikkje til kanten av dei markene

Herren talar om

Lat oss takka for tilliten Gud og fleirtalet i Landsmøtet ga oss

bretta opp armene

heva dei tafatte hendene i takk og bøn

Velsigna godt leiarskap

Aktivt og trufast engasjement, flinke med ord og konkrete målsettingar

Trufaste, fantasifulle, nær det samiske folket

Lat oss Smitta kvarandre til NY GIV,
her i Stavanger krets, i nord og på Colahalvøya.

Støttespelarar av ulike slag

Dreg eit lass av bøn, nådegåver, pengar og frivillig engasjement.

Herren er EIN

Under hans venger finn vi ly

Vi gøymer oss ikkje for kvarandre

nådegåver, evner og kreativitet skal fletta hendene saman

I arbeid og bøn

I kjærleik går vi saman inn i Guds ord

Vi vil gje evangeliet til barn og unge med ord dei forstår

Den Heilage Ande legg sitt teppe over og smeltar Gudsord og tru saman

Ørkenen vil bli til ein vannrik hage

Generasjonar vandrar saman

Og Herrens nådige velsigning vert lagt til.

Herrens NÅDIGE VELSIGNING!

Vitnemål frå to i kretsstyret 7.okt.2021

Opning:

2.Tim 1.7 «For Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus; vi fekk Anden som gjev kraft, kjærleik og visdom.»

Avslutning: Ef.4.32» Ver gode mot kvarandre og vis medkjensle, så de tilgjev kvarandre, liksom Gud har tilgjeve dykk i Kristus.

Ef.3.20 Han som verkar i oss med si kraft og kan gjera uendeleg mykje meir enn alt det vi ber om og skjønar, han vere ære i forsamlinga og i Kristus Jesus gjennom alle slekter og i alle æver!»AMEN

Avslutta kvelden med BØN OM TILGJEVING OG NY START.